



Haugen Vva AS
Thor-Henrik Fredriksen
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/8185 - 22/29206

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
13.04.2022

Endringsvedtak - Nytt anlegg for veg, vatn og avlaup - gbnr 137/835 Alver

Administrativt vedtak: **Saknr: 430/22**
Tiltakshavar: Sommerro Panorama AS
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva AS
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

VEDTAK

Søknad om endring av løyve datert 04.03.22 i sak 21/8185 vert godkjent. Endring gjeld forlenging av gangveg, VA-trase 11 meter mot vest på gnr 137/90 Alver.

Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova §§ 20-1 a), jf. § 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring – forlenging av ny gangveg o_GV2 og VA-anlegg med 11 meter mot vest (mellom profil 39-50 i gangveg o_GV2) på gbnr 137/90 ved etablering av byggetrinn 4 for reguleringsplan Kubbaleitet som omfattar komplett gangveg o_GV2- , vann- og avlaupsanlegg mellom Kubbaleitet bustadfelt og eksisterande bustadfelt Tuftamyra.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.04.22 og løyve av 04.03.22.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.04.22 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå den dato.

Planstatus

Areala ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kubbaleitet/planid.: 1263-201215 er definert som bustadføre mål, veg og anna veggrunn.

Tiltaka er vurdert til å vere i samsvar med reguleringsplan og godkjent VA-rammeplan og teknisk vegplan godkjent 11.03.21 og VA-anlegg plan godkjent 13.03.21 i saker 20/6261 og 20/6263.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå anna styresmakt. Samferdsel, veg, vatn og avløps avd. har skrevet 12.04.22:

Det er riktig at Alver Kommune har inngått avtale om kjøp av parsell til Gbnr 137/90. skravert området. Dette for å sikre opparbeiding av gang -sykkelveg, gjennom Tuftamyra. Utbygger etablerer teknisk anlegg iht plan som du har lagt ved. Alver Kommune opparbeider resten av gang sykkelveg, då utbygger ikkje har krav om å opparbeide denne delen. Alt er klart til at utbygger kan ferdigstille ihht va plan.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla då alle råka eigare av gbnr 137/178, 137/179, 137/182, 137/773 og eigare av privat veg på Tuftamyra på gbnr 137/90 har samtykka til tiltaket.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i revidert situasjonsplan og VA-plan, datert 06.04.22, motteke 07.04.22.

Vatn og avløp (VA)

Endringar i forhold til gitt løyve går på forlenging av VA-trase 11 meter mot vest.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser vegplan og VA-plan. Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggtknisk forskrift.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

VURDERING

Privatrettslege tilhøve

Tiltaka skal gjennomførast på delar av gbnr 137/90. Kommune har fått kopi av signert privat avtale med grunneigare av gbnr 137/90. I tillegg har Alver Kommune inngått avtale om kjøp av parsell til Gbnr 137/90 skravert området. Dette for å sikre opparbeiding av gang -sykkelveg, gjennom Tuftamyra. Utbygger etablerer teknisk anlegg iht plan som du har lagt ved.

Alver Kommune opparbeider resten av gang sykkelveg, då utbygger ikkje har krav om å opparbeide denne delen.

Samferdsel-, veg, vatn og avløpsavdelinga i Alver kommune har signert gjennomføringsavtalar slik at overtaking av 0_GV2 skal skje etter ferdigstillelse. Det ligg føre fullmakt frå alle råka grunneigare av gbnr 137/178, 137/179, 137/182, 137/773 og eigare av privat veg på Tuftamyra på gbnr 137/90 som har samtykka til tiltaket.

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadspiktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarslast i samsvar med pbl. § 21-3.
- Krav til visuelle kvalitetar i tiltaket går fram av pbl. § 29-2.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/8185

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Astrid Remme	TUFTAMYRA 13	5911	Alversund
Bjørn Johnny Vågenes	GAMLASTØA 12	5911	Alversund
Egil Remme	TUFTAMYRA 13	5911	Alversund
Oddvar Rune Villanger	STØLEN 48A	5911	Alversund
Trond Moberg	ALVERNESET 24	5916	Isdalstø

Mottakarar:

Haugen Vva AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN
Sommerro Panorama AS	Osterfjordvege n 124	5914	ISDALSTØ